



Ole Amund Gjersvik og Marita Moe Sandven då dei besøkte Oska i fjor.

OPPDATERT: Det har vore ei rekkje svært gode jazzkonsertar i Uskedalen denne våren. Komande fredag er det klart for ein verkeleg spennande konsert på Oska. Då kjem den velkjende duoen Ole Amund Gjersvik(kontrabass) og Marita Moe Sandven(vokal) med Into the Beast del 2. Del 1 fekk vi oppleve under ei imponerande førestilling i fjor.

Duoen fekk mange overstrøymande uttalar frå publikum i fjor. Ein av dei var 'Tenk at dette kan vi få oppleve i Uskedalen! Heilt fantastisk!!'

I framføringane til Marita Moe Sandven og Ole Amund Gjersvik er improvisasjonen svært sentral. Til og med storparten av tekstane vert utforma undervegs. I fjor var berre to av tekstane dei framførte, skrivne på førehand. Dei to særdeles dyktige musikarane er svært samspelte og lokkar fram ei heilt spesiell stemning. Gjersvik skaper variasjon og stemning ved å bruka kontrabassen på ulike uttrykksmåtar, og Moe Sandven har ei varm, uttrykksfull og god songstemme.

De kan lesa kva uskedalen.no skreiv etter konserten i april i fjor [HER](#).

Som i fjor kan publikum velja om dei vil ha ein heilaftan, eller om dei vil koma til konserten. Frå kl. 18 kan kjøkkenet frista med ein god trerettars middag, medan konsertstart er sett til kl.21. Til middag blir det ein aspargesrett til forrett, og marinert kalkun med soppsaus og rotgrønnsaker til hovedrett. Desserten består av kvit sjokolade, bringebær og lakris. Dei som ønskjer middag, må hugsa påmelding til rokokk@gmail.com eller tlf: 91864091.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Roy Lervåg